



Rett til rettleiing som ny lærar

Kva betyr dette for deg som nyutdanna?

Du skal, som nyutdanna, nytilsett lærar dei to første åra i yrket, få tilbud om rettleiing. Dette gjeld om du er i fast eller midlertidig stilling. Avtalen gjeld alle nytilsette nyutdanna lærarar i barnehage, grunnskule og vidaregåande opplæring.

Nasjonale rammer for rettleiing som er utforma av Kunnskapsdepartementet skal sikre at du får rettleiing.

Den første tida som nyutdanna lærar i barnehage og skule legg eit viktig grunnlag for seinare yrkesutøving og profesjonell utvikling. Rettleiing av nyutdanna skal sikre ein best mogeleg profesjonsutvikling i yrket.

Rettleiing av nyutdanna er eit arbeidsgjevaransvar

Etterspør rettleiing

Dersom du ikkje har fått tilbud om rettleiing innan dei første vekene, bør du sjølv etterspørje tilbodet.

Oppstart så tidleg som mogeleg

Rettleiingsoppfølginga bør starte så tidleg som mogeleg om hausten. Nyutdanna lærarar bør få kvalifiserte rettleiarar. Rettleiinga skal vere ein planlagt, systematisk og strukturert prosess som blir gjennomført individuelt og/eller i gruppe.

Forpliktande avtale

Tilbodet bør vere forankra i ein forpliktande avtale. Den enkelte arbeidsgjevar må sørge for tilstrekkelege rammer, og ein avtale bør vise partane sine roller, ansvar og plikter.

Meir info om rettleiingsordninga på:

- www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/veiledning-av-nyutdannede
- www.hvl.no/nysomlarer